

Meland kommune
v/ Anngunn Gullbrå
Byggjesak, Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Irene Undheim Karrer
Widderstrasse 73
86 167 Augsburg
Tyskland

22.Mai 2019

Gjeld endring i matrikkel frå bustad til bustad brukt som fritidsbustad, GBNR 1/377

Eg har eit hus i Solberget 53 på Flatøy. Dette vart offisielt ferdigstilt i 2016. Sidan då har eg måtta betala formueskatt på boligen, og då eg ikkje er folkeregistrert i Noreg, men bur fast i Tyskland, har eg ikkje noko fribeløp, men må betala formueskatt frå første krone. Verdien på huset er i likninga i år fastsett til 3 429 605 kr. Sjølv om eg har ein del frådrag grunna gjeld på huset, måtte eg i fjor betala ein formueskatt på omlag 16 000 kr og i år har det stige til 26 500 kr - trass fratrekk av gjeld og gjeldsrenter. Begrunninga eg fekk på den høge stigninga var at på sekundærbolig må ein no betala formueskatt på 90 % av verdien, og i fjor var det på 80 % . Dette føleest veldig urettvist, då dette i og for seg ikkje er ein sekundærbolig, men blir brukt som ei slags «hytte» eller fritidsbolig. Eg er der 3-4 gongar i året. Eg fekk tipset frå Skatteetaten om å få søka om å få nemninga eller matrikkelen på bustaden omgjort frå «sekundærbustad» til «fritidsbustad», då ein på fritidsbustadar «berre» betalar formueskatt på 30 % av verdien på bustaden.

Eg gjer merksam på at mora mi, Inga-Karin Undheim, bur i den øvre leiligheita.

Med dette ber eg dermed om å få gjort om matrikkelen på bustaden frå noverande «bustad» til «bustad brukt som fritidsbustad».

Venleg helsing

Irene U. Karrer

Irene Undheim Karrer